Elisabeth Moldestad

# Nåde gjennom tida

**Tekst før salmen:**

Nåde.... nåde, dette store ordet
-så fjernt-
som om det svevar langt der oppe
- aldri kan komma nær -
aldri røra ved meg
- aldri gje det det lovar -
aldri
- før eg ser at Nåde ikkje er eit ord, men eit namn -
eit menneske
-kjøt og blod -
så nær, så tilgjevande, så trufast.
Jesus Kristus er dette store ordet,
- er det
- fyller det-
sprengjer det og kjem heilt nær.
Nåde....

**Tekst etter salmen:**

Dette som kjem til meg
som vil meg vel
som ser kva eg treng
og som gjev

Ein som står og bankar
vil inn til meg
til meg
og halda måltid
Han med meg og eg med Han
Nåde

# Nåde gjennom tida

Elisabeth Moldestad

